

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.06.2014

I samband med behandlinga av saka fekk fylkesutvalet tilsendt utkast til høyringsbrev.

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Tillegg til innstillinga:

I kap. 2.5, verkemiddel og støtteordningar – tilskot til drift (side 12 i høyringsutkastet), er det framlegg om at det skal fremmast ny søknad om driftsstøtte for kvart budsjettår, med frist 1. april.

Som ein del av høyringa vil fylkesutvalet at alternative tilskotsperiodar for tilskot til drift inngår, og ber om at alternativ med 3-årige løyvingar for driftstilskot vert tatt med i høyringa.

Fylkesutvalet legg til grunn at i ei slik alternativ ordning skal det likevel rapporterast årleg, men ein treng ikkje sende ny søknad. Etter 3-års perioden skal ei evaluering vere ein del av grunnlaget for vurdering av vidare driftsstøtte."

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende på høyring og legge ut til offentleg ettersyn forslag til Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. Høyringsperioden vert 23. juni til 26. september 2014.

Endring punkt 1.4.6

Ny ordlyd: Hordaland skal ha ein sjølvstendig og offensiv kunst- og kulturpolitikk lokalt, regionalt og internasjonalt.

I kap. 2.5, verkemiddel og støtteordningar – tilskot til drift (side 12 i høyringsutkastet), er det framlegg om at det skal fremmast ny søknad om driftsstøtte for kvart budsjettår, med frist 1. april.

Som ein del av høyringa vil fylkesutvalet at alternative tilskotsperiodar for tilskot til drift inngår, og ber om at alternativ med 3-årige løyvingar for driftstilskot vert tatt med i høyringa.

Fylkesutvalet legg til grunn at i ei slik alternativ ordning skal det likevel rapporterast årleg, men ein treng ikkje sende ny søknad. Etter 3-års perioden skal ei evaluering vere ein del av grunnlaget for vurdering av vidare driftsstøtte.